

# Rotary

PEOPLE OF ACTION



Voss, 7. januar 2023.



Månadsbrev nr 5/2022-2023 (januar)  
Av Distriktsguvernør Odd Henry Hommedal

**Kjære Rotaryvener!**

**GODT NYTT ÅR.**

Eg ynskjer alle Rotarianere Godt Nytt År. Mitt største ynskje for det nye året er at det må bli fred i Ukraina og elles i verda. Alle har me ynskje for det nye året og me ynskjer kvart år at alle skal vera friske og lukkelege. Eg vonar alle våre ynskje blir verkelegheit.

**Fredsstudie ved Kampala University i Uganda.**

Som kjent støttar distriktet vårt og klubbar i distriktet fredsstudiet til Tom Okoth Omondis i Afrika.

Me er gjennom ei slik støtte med på å fremja fredsarbeid i verda og eg oppmodar om å halda fram med økonomisk støtte til prosjektet. Sjå artikkel om prosjektet i dette nr av RiV.



*Tom O. Omondis*

**10000 Happy Birthdays.**



*Kjetil Galta.*

For 3.dje gong er me i distriktet i gang med eit *mor og barn* prosjekt i Malawi. Det er Stavanger Rotaryklubb og Stavanger Hafrsfjord Rotaryklubb som er initiativtakarar til prosjektet. Det er etablert kontakt med Bwaila Rotaryklubb og planlegginga er i full gang. Ein delegasjon leia av prosjektleiaren Kjetil Galta frå Stavanger Hafrsfjord RK, reiser til Malawi i februar for å leggja dei siste planane for prosjektet saman med Laerdal Health Care, Rotaryklubben og myndigheitene i Malawi. Eg viser til artikkel i dette nr av RiV og ynskjer lukke til med prosjektet.

**Gandsfjord Rotaryklubb er blitt til Stavanger Hafrsfjord Rotaryklubb.**

Gandsfjord Rotaryklubb har skifta namn til **Stavanger Hafrsfjord Rotaryklubb**. Hafrsfjord Rotaryklubb vart for ein del år sidan nedlagt, og mange av medlemmane gjekk over til Gandsfjord RK. No gjenoppstår Hafrsfjord RK til mange si glede. Klubben er ein aktiv klubb med mange positive aktivitetar. Spesielt vil 10K HB prosjektet bli ein viktig del av klubben sine aktivitetar framover. Eg ynskjer tillukke med det nye navnet og vidare arbeid for *Å gagne andre* og skapa eit godt sosialt fellesskap.

### **Sandnes Rotaryklubb og Gand Rotaryklubb har fusjonert.**

Dei to klubbane har i løpet av det siste året jobba for å slå saman klubbane. Det har vore mange forhandlingsmøter og dei vart like før årsskiftet samde om alle deltaljar. Rotary Internation har godkjent fusjonen. Etter samanslåinga blir *Sandnes og Gand Rotaryklubb* ein av dei største klubbane i distriktet. *Harald Unneland Dyngen* er President i den fusjonerte klubben.

### **Heimesidene til klubbane.**

Mange av klubbane eg har besøkt i haust brukar ikkje heimesidene til klubben og mange klubbar har heimesider som ikkje er oppdaterte. Dette gjeld også dei andre distrikta i Norge. Med dette som bakgrunn har eg tatt saka opp i Norfo styret og det blir no starta eit arbeid for å kartleggja kva økonomiske og tekniske konsekvensar det vil få om heimesidene til enkelte klubbar blir sletta. Det skal også vurderast om andre alternativer til heimesider kan vera aktuelt. Ein slik prosess vil naturlegvis ta ei god stund og må når det føreligg eit konkret forslag, opp til handsaming i alle distrikta.

Beste helsing  
Odd Henry Hommedal  
Distriktsguvernør  
D2250